

Bringedal attvald - litauar i styret

04.02.2015



Jurgita serverar ei gruppe uskedelingar i Saja

Årsmøtet i Uskedal Utvikling ikkvel vart på sett og vis historisk. Ikkje fordi Kristian Bringedal vart attvald som leiar - det var venta. Grunnen var at ein litauar vart vald inn i styret. Det var Jurgita Zemitaitiene, som i ei årrekke har vore aktiv på jobbmarknaden i Uskedalsoimrådet og som sist har drevne kafeen Saja på Brekketoppen. Nestleiar Jan Erik Olsson var ikkje på val men Egil Myhre og Gunn Mari Moberg vart også nye styremedlemmer.

2 med brei erfaring frå samarbeid med våre nye landsmenn - Magne Huglen og Thor Inge Døssland - hadde engasjerte innlegg om dei og trakk svært positive konklusjonar - ikkje minst at dei som kjem er svært stabil arbeidskraft.



Magne Huglen og Thor Inge Døssland under møtet i Gamleskulen ikveld

- Det er flinke folk, konkluderte Huglen, men beklaget at det hadde vore problematisk å finne hus til dei frå starten. Han konstaterte mellom anna at det er lett å få innvandrarane til å stilla opp på stutt varsel og Døssland antok at 15 nasjonalitetar no er j Uskedalen.

I heile kommunen ligg talet langt over 50 land. Dei representerar 7-8 prosent av folketalet og utan dei ville folketalet svikta i stor grad.

Døssland sa at han hadde hatt det utruleg kjekt fordi han hadde hatt høve til å jobba så lenge mellom så mange spennande folk.

Denne saka fekk også sin plass på handlingsplanen for dette året, der det heiter at UU skal arbeida for at tilflyttarar og våre nye landsmenn vert inkluderte og brukte som den ressurs dei er i kultur og arbeidsliv.

Handlingsplanen fekk også ein formulering der det heiter at det er viktig å leggja til rette for ei berekraftig utvikling i landbruket gjennom aktivt vern av matjord. Som bygd har vi eit samfunnsansvar når det gjeld å ta vare på matjorda. Det gjeld ikkje berre idag, men mest for framtidige generasjonar.

UU skal også stimulera til og syna interesse for etablering av ulike serveringstilbod. Det skal motiverast til rydding i strandsona, langs hovudvegen og langs elva og arbeidet med ein sentrumsplan vil vera ei prioritert oppgåve.

Saman med kommunen og aktuelle utbyggjarar vil ein ha fokus på tilrettelegging av eldrebustader og bufellesskap i sentrum.

Montering av veglys til gardsbarnehagen og opprusting av den gamlebygdevegen til Rød er to andre saker som er nevnt.

Rekneskapen konkluderte med eit overskot på 28 049 kroner og budsjettet for dette året reknar med at annonseinntektene i nettavisen uskedalen.no vert 78 000 og at sal i Tlaren gjev 67 000 i brutto dette året. Driftskostnadene tilsaman er budsjetterte til 196 150.

Det skal meldast eit spørsmål i kommunestyret om problemet med vegen frå Friheim og inn til Fjellandsbø som vert truga av manglende brøyting og vedlikehald.

TEKST, FOTO OG NETT: Ola Matti Mathisen